

Årsmelding

Ålfotbreen landskapsvernområde

2019



Førdedalen i Ålfoten

Foto: Alf Erik Røyrvik

Alf Erik Røyrvik
Verneområdeforvaltar

1. Generelt

Ålfotbreen landskapsvernområde vart verna 9. januar 2009. Verneområdet er på 226 km² og ligg i kommunane Flora, Bremanger og Gloppen. Det første verneområdestyret vart konstituert 13. mai 2011 og sidan det har verneområdet blitt forvalta gjennom lokal forvaltning.

Ålfotbreen landskapsvernområde er eit verneområde med krevjande klima og topografi. Store delar av området er vanskeleg tilgjengeleg og det er få bygningar eller andre installasjonar inne i verneområdet. Dette gjer sitt til at saksmengde og aktivitet generelt inne i verneområdet er mindre enn mange andre store verneområder. Samstundes gjev eit sopass urørt område gode sjansar for flotte opplevingar i storslått natur.

Verneområdestyret

Det vart konstituert nytt styre for Ålfotbreen landskapsvernområde i 2016. Etter kommune- og fylkestingsvalet hausten 2015 vart det oppnemnt nye representantar frå kommunane og fylkestinget. Det sitjande Ålfotbreen verneområdestyre konstituerte seg på styremøte 5.april 2016.

Verneområdestyret for perioden 2016-2019 har vore samansett slik:

Verv	Namn	Reprenterar	Vararepresentant
Leiar	Hege Lothe	Gloppen kommune	Per Rune Vereide
Nestleiar	Marius Strømmen	Bremanger kommune	Audun Åge Røys
Medlem	Jan Henrik Nygård	Flora kommune	Trine Hovland
Medlem	Gunn Karin Sande	Fylkeskommunen	Harald Bjarte Reite

NB: Frå Bremanger kommune var det først Røys som vart utnemnd som fast representant og Strømmen som vara. Her vart det gjort eit formelt bytte i desember 2016, slik at det no er Strømmen som er fast representant.

Styret har hatt tre styremøte i 2019, to i Ålfoten og eitt på Sandane. Styret har handsama totalt 18 styresaker på desse møta.

Styret var på synfaring i Førde dalen i samband med eine styremøtet i Ålfoten, 29. mai. Styremedlemmene såg då på potensielle tiltak i dalføret.

Dette året var siste året det sitjande styret fungerte. Etter kommune- og fylkestingsvalet hausten 2019 vert nye representantar oppnemnt frå kommunane og frå Vestland fylke. Nytt styre vil konstituere seg i løpet av vinteren/våren 2020.

2. Saker

Saksmengda i Ålfotbreen er framleis låg. Få bygningar, lite aktivitet og krevjande terreng avgrensar behovet for transport og anna motorferdsel. I 2019 har det likevel vore ei viss auke i motorferdsel og -saker. Det skuldast byggeaktivitet og behov for forsyningar til turlagshyttene.

Styret har delegert mynde til verneområdeforvaltaren i kurante saker under visse vilkår. Forvaltaren har handsama fem delegerte saker i 2019. Alle gjaldt motorferdsel.

Motorferdsel:

- Norges vassdrags- og energidirektorat fekk løyve til å lande med helikopter ved målestasjonen sin i Skjerdalen.
- Norsk institutt for vassforskning fekk løyve til å lande med helikopter i Skjerdalen i samband med taking av vassprøver.
- Flora turlag fekk løyve til å lande ved hyttene sine Blåbrebu og Gjegnabu med material og forsyningar.
- Sogn og Fjordane energi fekk løyve til å lande ved Ålfotbreen i samband med opprydding av ei nedriven hytte.
- Terje Johansen fekk løyve til å lande med helikopter ved hytte ved Grøndalsstøyen i samband med transport av material.

Alle løyva vart gjevne som delegerte vedtak.

Bygge- og inngrepssaker:

Edvard Johansen søkte om å få utvide ei hytte ved Grøndalsstøyen som familien han eig. Den første søknaden vart avslått av styret sidan utvidinga det var søkt om var større enn det retningslinjene i forvaltningsplanen opna for. Deretter sende Johansen inn ein ny søknad med utviding som var tilpassa forvaltningsplanen. Verneområdestyret gav då løyve til å utvide hytta i tråd med den andre søknaden.

Turfolk frå Midtre Nordfjord turlag oppdaga ei gammal mast som står på fjellet over Kvannbotn/Skilbreivatnet i Gloppen. Masta bar preg av å ikkje vere halde ved like på ei stund. I tillegg låg der gamle batteri ved sidan av. Det viste seg å vere Statnett si mast, som dei sette opp i samband med traseval for 420kV-linja Fardal-Ørskog. Masta er ikkje i bruk lenger og Statnett har sagt dei skal fjerne den. Saka løyste seg derfor sjølv, og vart ikkje handsama av styret.

Besøksstrategi:

Styret, forvaltning og andre har jobba med besøksstrategi for Ålfotbreen landskapsvernområde i fleire år. I mai 2019 vart strategien godkjent av Miljødirektoratet.

I tillegg til desse sakene og tema har styret jobba med administrative saker.

3. Rekneskap

Ein enkel rekneskap for forvaltningsknutepunktet kan ein sjå nedanfor her. I og med at forvaltningsknutepunktet er felles med Ålfotbreen landskapsvernområde, er det satt opp ein felles rekneskapsoversikt.

2019	Felles/totalt		Naustdal-Gjengedal		Ålfotbreen	
	Budsjett	Kostnader	Budsjett	Kostnader	Budsjett	Kostnader
Drift styre	180 000	210 764	90 000	120 001	90 000	90 763
Planarbeid	0	0	0	0	0	0
Tiltaksmidler	1 160 000	956 478	560 000	462 528	600 000	493 950
Tot	1 340 000	1 167 242	650 000	582 529	690 000	584 713

Tidlegare har rekneskapen og synt kostnader til forvaltar og forvaltningsknutepunkt. Dei er ein del av Fylkesmannen sitt totale driftsbudsjett og ikkje lenger skilt ut som eige prosjekt. Vi får derfor ikkje synt desse kostnadane lenger.

Kostnadane til drift av styret er høgare enn det har vore dei siste åra. Heile den budsjetterte summen gjekk med. Årsaka til det er at kostnader til nye nettsider er belasta denne posten mot slutten av året.

4. Tiltak / bruk av midlar

Ålfotbreen verneområdestyre fekk 600.000 i tiltaksmidlar for 2019. Dei vart nytta slik det går fram i tabellen under.

Tiltak	Brukt
Hope - Lavesteinen	kr 123 750
Stige Blåbreen	kr 69 465
Infoskilt	kr 204 368
Bru støylsvatnet	kr 29 818
Kostnadar med www.alfotbreen.no	kr 2 590
Kart	kr 14 022
Landskapsbilete (2020)	kr 30 000
Totalt	kr 474 012

I 2019 har vi prioritert å gjere ferdig stien til Lavesteinen, og å få produsert og montert informasjonsskilt. Dette har vore store og omfattande prosjekt med litt usikker totalkostnad. Vi har derfor «holdt att» på bruken av tiltaksmidlar til vi var sikre på at vi fekk desse tiltaka i hamn. Vi veit av erfaring at den typen tiltak vi jobbar med kan verte dyrare enn kva som er forventa. Då er det viktig å ha midlar i bakhand som kan dekke inn ein slik «sprekk».

Hope-Lavesteinen

Vi har i nokre år jobba med Hope som innfallsport og ruta vidare mot Gjeugnabu og Gjegnen. Dette er den høgast prioriterte innfallsporten i besøksstrategien. Særleg har stien frå skogsvegen og opp til Lavesteinen vore dårleg. Her har vi gjort utbetringar gjennom tenestekjøp. Vi har lagt om stien noko, og Bygdeservice har fjerna torv og jord i dei våtaste partia. Når dei har fjerna det har vi fått fast fjell fram i dagen. Det er lettare å gå på, og ein får leda vatn vekk frå sjølve stien.

I 2019 har vi avslutta dette tiltaket for denne gong. Vi meiner at stien no har ein god standard ut i frå den bruken stien har og kor mange som brukar den. Vi må likevel følgje opp stien framover og vurdere behov for vedlikehald og mindre utbetringar.

Informasjonsskilt

Det andre store tiltaket vi har jobba med i 2019 er å få på plass informasjonsskilt. Desse må lagast etter designmanualen som Miljødirektoratet har fått utarbeida. Det er mykje som skal på plass før eit slikt skilt er ferdig, so det har tatt litt tid. Tinginga av skilt har gått parallelt med skilt for Naustdal-Gjengedal, for å senke produksjonskostnadane.

Skilta er no ferdig produsert og levert, og rett før jul fekk vi endeleg løyve frå Statens Vegvesen til å sette opp skilta der vi ønskte, på ferjekaiene på Lote og Stårheim.

Stige ved Blåbrebu

I fleire år har vi jobba med å få erstatta ein gammal og øydelagt trestige som stod på ruta mellom Blåbrebu og Ålfotbreen. Dette har tatt noko tid, mellom anna fordi det er ein særskild utgjenging og krevjande plass å få på plass material og utstyr. No er dette ferdig og det er montert bøyler av stål rett i fjellet i staden for den gamle stigen. Det at dette har tatt lang tid og at det er eit utgjenging og krevjande plass å jobbe har gjort at dette tiltaket har blitt ein del dyrare enn forventa.

Bru ved Støylsvatnet

Rett nord for Støylsvatnet og Grøndalsstøylen går der ei bru over elva som trengte noko restaurering. Dei mest presserande tiltaka for å sikre brua vart gjort no i 2019.

Forhåpentlegvis får vi tiltaksmidlar i 2020 slik at vi kan gjere ferdig dette.

I tillegg til dei tiltaka som er omtala her so vart det gjort nokre førehandskjøp av varer og tenester som vert levert i 2020.

Som ein kan sjå i oversikten so brukte vi 474.000 av tildelte 600.000. Altso var det i overkant av 100.000 av tiltaksmidlane som ikkje vart brukt. Dette kjem av at vi var usikre på kor mykje dei to største tiltaka våre (Informasjonsskilt og Hope-Lavesteinen) ville koste og vi måtte vere sikre på å ha midlar til å ferdigstille dei. Når vi fekk oversikt over forbruket melde vi inn 100.000 i restmidlar til Fylkesmannen som dermed kunne omdisponerast til andre verneområde.

5. Rådgjevande utval

Rådgjevande utval for Ålfotbreen landskapsvernområde vart oppretta i 2014. Utvalet har bestått av representantar frå ulike verksemdar og organisasjonar, og dessutan ein grunneigarrepresentant frå kvar kommune.

I 2019 vart utvalet evaluert og revidert av styret. Etter innspel frå utvalet sjølv vart det gjort nokre endringar i samansettinga, og nytt utval vart oppnemnt av styret. Rådgjevande utval for Ålfotbreen landskapsvernområde for perioden 2019-2022 vert samansett slik:

- Sogn og Fjordane Energi
- Svelgen Kraft
- Keipen turlag
- Midtre Nordfjord turlag
- Flora turlag
- Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane
- Leidulv Solvang, grunneigarrepresentant Flora
- Terje Førde, grunneigarrepresentant Bremanger
- Ola Jan Birkeland, grunneigarrepresentant Gloppen

Rådgjevande utval hadde eit møte i 2019. Det var 18.oktober på Kleppenes gard. Leiar i verneområdestyret, naturoppsyn og verneområdeforvaltar deltok på møtet saman med utvalet.

6. Forvaltar

Verneområdeforvaltar er Alf Erik Røyrvik (busett i Hyen). Han vart tilsett 1.oktober 2011 og har verka i stillinga samanhengande sidan det. Forvaltaren har kontorstad på Sandane, der han delar kontor med Statens naturoppsyn sin oppsynsmann som er tilknytt Naustdal-Gjengedal og Ålfotbreen landskapsvernområde.

Naturoppsyn er Rune Holen (busett i Olden). Samarbeidet med SNO lokalt fungerer veldig godt. Vi jobbar mykje i team, både under planlegging, gjennomføring og oppfølging av tiltak, tenestekjøp og i dei konkrete sakene som dukkar opp.

Kurs, seminar og konferansar som verneområdeforvaltaren har delteke på i 2019:

- 15.-17. oktober – Miljøfagkonferanse i Trondheim

Føredrag og liknande

- 28. januar – Møte med skuleleiinga i Firda VGS, representantar frå Gloppen kommune og statssekretær Atle Hamar i KLD.
- 7. februar – Føredrag for friluftslivstudentar på Høgskulen i Volda
- 25.september – Føredrag for reiselivsstudentar frå Høgskulen i Vestland
- 4. desember – Føredrag for valfag friluftsliv på Hyen skule

Møteverksemd

- Avdelingsmøter, personalsamling og andre interne møter hjå Fylkesmannen.
- Møter som tillitsvalt for Naturviterne hjå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
- Møter med fagpersonar i kommunane.
- Møter med organisasjonar og næringsliv.
- Møte med reiseliv/destinasjonsselskap.
- Møter og synfaringar med leverandører som vi kjøper tenester og varer frå.
- Synfaringar med andre offentlege etatar som Statens Vegvesen.
- Uformelle møter med grunneigarar og andre.

Verneområdeforvaltaren og naturoppsyn har vore på ein del synfaringar, mellom anna i samband med planlegging, gjennomføring og oppfølging av tiltak og i samband med saker som forvaltar og styre har hatt til handsaming.

Forvaltaren er tilsett hjå Fylkesmannen. Fylkesmannsembeta i Sogn og Fjordane og Hordaland vart 1.1.2019 slege saman til Fylkesmannen i Vestland, som då er den nye arbeidsgjeveren til forvaltaren. Etter samanslåinga er forvaltaren ein del av ein ny seksjon og ei større avdeling enn før. Ut over det er ikkje arbeidsoppgåvene eller arbeidskvardagen særleg endra, og samanslåinga har gått ganske saumlaust.

7. Bilete frå 2019



Bilete 1. Hytta ved Grøndalsstøylen.



Bilete 2. Brua nord for Støylsvatnet og Grøndalsstøylen. Det vart gjort nokre reperasjonar på denne i 2019, forhåpentlegvis får vi ordna betre gangbane på brua i 2020.



Bilete 3. Grøndalen i Flora/Kinn kommune. Ein av innfallsportane til Ålfotbreen LVO, her startar stien som går til Blåbrebu.



Bliete 4. Stien som går frå Førdedalen og i retning mot Hylle 7 og Keipen.



Bilete 5. Rune Holen frå SNO på synfaring i Førdedalen. Her ved starten på Hylle 7.



Bilete 6. Egil Ravnstad frå Bygdeservice jobbar med stien frå Hope til Lavesteinen. Dei fjerna torv og jord slik at ein kom ned på bart fjell som er lettare og tørrare å gå på. Det betydde mykje tungt fysisk arbeid!



Bilete 7. Den gamle masta ved Kvannbotn viste seg å vere Statnett si. Den er ikkje i bruk lenger og Statnett skal fjerne den.



Bilete 8. SFE ryddar opp restane etter gammal, nedbrent og delvis neddriven hytte ved brekanten under sjølve Ålfotbreen.

Fotograf bilete 1-6: Alf Erik Røyrvik

Fotograf bilete 7: Midtre Nordfjord turlag

Fotograf bilete 8: Sogn og Fjordane Energi.